



Statens Vegvesen  
dag.hole@vegvesen.no  
Att: Dag Hole



Vår ref.: 2015/11763-7

Dykkar ref.:

Bergen, 11.08.2017

## Bruk av autopass på fylkesvegsamband frå 1. januar 2018

Vi viser til tidlegare korrespondanse knytt til innføring av autopass som betaling på ferje, herunder dykkar brev av oktober og november 2015, samt vårt svarbrev datert 16. desember 2015.

Som skissert i vårt brev frå desember 2015 har Skyss no signert nye kontraktar for drift av dei 17 fylkesvegsambanda i Hordaland. Autopass skal nyttast på alle desse sambanda frå driftsoppstart. To av sambanda har driftsoppstart 1. januar 2018, eitt i januar 2019 og dei resterande i januar 2020.

Ettersom det nærmar seg driftsoppstart for to av sambanda, arbeidar Skyss og ferjeoperatør Fjord1 for å klargjere alt til innføring av autopass frå 1. januar 2018. Fjord1, som skal drifte dei to aktuelle sambanda, har forplikta seg til å inngå avtale med den sentrale tenesteleverandøren som SVV inngår avtale med. Skyss vurderer det som hensiktsmessig at det også etablerast ein samarbeidsavtale mellom Skyss og SVV knytt til bruk av autopass på fylkessambanda og at ein slik avtale tek utgangspunkt i tidlegare informasjon oversendt frå SVV knytt til bruk av autopass som betalingsmiddel. Skyss håper SVV er positive til å inngå ein slik samarbeidsavtale og Skyss deltar om ønskelig med å utforme et slikt avtaleverk.

For ordens skuld ber Skyss om ei stadfesting frå SVV om at Sentral tenesteleverandør vil vere på plass innan 1. januar 2018 slik at autopass-brikkelesing kan nyttast på våre to fylkesvegsamband frå denne dato. Dersom SVV elles har meir relevant informasjon knytt til bruk av autopass på fylkessamband som ikkje allereie er oversendt oss, er det ønskjeleg for Skyss å få slik informasjon oversendt.

Venleg helsing

Oddmund Sylta  
Direktør Skyss

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.